



Gøteborg-jentene Johanna Oxling og Linn Holmeskog har vore servitørar og hatt det fint i Uskedalen. Maria Laxheim står til høgre og Mats Røsland til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På grunn av sviktande besøk vil ikkje Vertshuset heretter kunne halda ope slik tilfellet har vore denne sommarsesongen. Opninga vil bli innskreinka til lukka lag, til dømes julebord for bestilte grupper. Det er konklusjonen eigar Røsland og driftsleiar Maria Laxheim trekk på den siste opningsdagen.



Vertshuset blir heretter ope berre for slutta selskap. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Har det vore ein tøff sesong?

- På eitt vis, men samanlikna med i fjor har det vore positivt å ha eit fast personale gjennom heile sommaren. Dermed har vi sjølve kunne teke oss litt fri.

Skal vi ellers samanlikna omsetnaden med i fjor ligg vi temmelig likt med omsyn til mat og drikke. Likevel er det ein stor skilnad: Det har vore svært få uskedelingar å sjå i Vertshuset denne sommaren.

Talet innskrenkar seg til rundt rekna 30 som har vore svært trufaste og som ein difor kan kalla stamgjestar. Dei har æra for at det i det heile tatt har vore mogeleg å halda ope i eit slikt omfang.

Det forundrar oss mykje at ikkje fleire frå bygda har vore innom, i det minste for å ta eit glas vin eller ein kopp kaffe. Det ville skapt meir liv i lokalet.

-Men visse høgdepunkt har det vore..

-Jau, og Festidalen var eitt av dei. Vi tenkjer då ikkje minst på den fantastiske kickoff-kvelden då vi måtte setja stopp ved dei 150 gjestane som vi har lov til å sleppa inn. Også familiearrangementet i samband med festivalen var ein suksess for oss.

Eit anna høgdepunkt var EDO-kvelden som også samla fullt hus og som også hadde appell til dei meire middelaldrande uskedelingane.. No har vi store forventnader til det populære bandet i samband med juleborda. Vi satsar på fem helgar med kombinasjonen av julebord og EDO-dans.

Vi må ellers heller ikkje gløyma at bransjetreffa på sundagane har vore vellukka, med opptil 50/60 gjester.

Derimot har "skalldyraften" ikkje slege så bra an som i fjor, sjølv om det kom rundt 80 ein av kveldane.

Generelt må det erkjennast at sesongen har vore prega av dårleg ver. Det er også inntrykket vårt at det har vore ein viss svikt i trafikken både i båthamnane og på campingplassen. Den nye båthamna i Rosendal har teke trafikk frå Uskedalen.

-Korleis blir så konseptet heretter?

-Vi må innskreinke det til utleige til slutta selskap med eller utan bevertning. Lat oss minna om at Vertshuset er ein rein hobby for oss, som har andre jobbar. Vi har satsa på Vertshuset fordi vi tykkjer det er gøy, men det gjeld berre inntil eit visst punkt. Huset skal drivast vidare sjølv om det skulle bli seld, men så langt har det ikkje meldt seg nokon kjøpar. Ved eit sal vil vi fremja tilbod om kjøp også av driftsselskapet. Det skal vera liv i huset framleis!

Uskedelingen Røssland innrømmar av det er "både trist og dumt" at dei no må innskreinke drifta, men legg til at uskedelingane har seg sjølve å takka. Gjennom det konseptet dei no legg opp til blir drifta forutsigbar – det kjem ikkje til å sitja tre ansatte for å venta på 10 gjester ein fredag.

Røssland har også eit ålvorsord å koma med til politikarane: Det er katastrofalt for denne næringa å måtte stengja klokka 01 – då er festen på topp! Stengjetida burde vera klokka 03, meiner vertshuseigaren.

Av Ola Matti Mathisen